



MÅNADENS PORTRETT - JANUAR 2011

Namn og alder : Marianne Østebø, 16½ år
Bur : Østebø og Ytre Tasta
Høve : Går 1. året på vidaregåande skule

Bakgrunnen for intervjuet:

Marianne flytta til Stavanger for å gå på vidaregåande skule i august i fjor. I frå å gå på ein liten skule med totalt 50 elevar og kor dei berre var 2 stk på same trinn, går ho no på ein skule med ca. 800 elevar og kor dei er 15 elevar i hennar klasse. Korleis er det?

Kva skule/linje går du på?

Eg går på Randaberg vidaregåande skule - **VG 1 Helse og sosialfag**. Har tenkt å gå **Barne,- og ungdomsarbeidarfag** 2.året, og anten ta **påbygg** etter det, eller gå ut i lære.

Kva er den største skilnaden på Marvik skule og Randaberg vgs?

Eg syns det positive er at skulekvardagen er mykje meir strukturert her. Ein negativ ting er at lærarane har mindre tid til kvar elev. Mens ein på Marvik kjende "heile" skulen, blir ein her naturleg nok berre kjend med dei som går i same klassen

Har du alltid budd på Ropeidhalvøya?

Nei, eg er fødd i Stavanger og budde fyrst på Austrått og så på Lura til eg var 5 år. Då flytta me til Østebø på Ropeidhalvøya.

Korleis vil du beskrive halvøybuen?

Her er det jo sånn at alle kjenner alle, og eg syns det er fint. Her kan ein snakke med alle og eg syns halvøybuen er opne og koselige folk!

Viss du skulle budd ein annan stad, kor?

USA eller Australia, trur eg. USA fordi det verkar freistande med alle mulegheitene som finst der, men det måtte vore ein stad kor det er varmt heile året. Eg kunne også tenkt meg å budd i Australia nokre år for å studere. Og kanskje fått sjansen til å sjå eksotiske dyr som kenguru og koala.

Kva gjer du på i fritida?

Eg går på spinning ein dag i veka og så likar eg å drive med scrapbooking i lag med vener og familie. Elles er eg mykje saman med veninner og me går på kino og shopping. Ca. annakvar veke går eg på møte i Young Life.

Saknar du noko på halvøya?

Eit stort shoppingsenter kanskje...?? Nei, eg syns me har alt me treng her på halvøya. Det er vel eigentleg i byen eg saknar ting! Som til dømes Grytenuten 4H og alle dei kjekke folka her☺.

Har du ein melding til politikarane i kommunen, både skrøyt og kritikk?

Ungdomskulesentraliseringa er det dummaste politikarane har gjort!
Litt skrøyt; KOMSUS, (kommunestyre for ungdom), var kjekt å vere med på.

Vil du oppmoda andre folk å flytte hit?

Ja! Her er det variert natur og mange fine plasser kor ein kan byggje seg hus, og mykje forskjellig ein kan jobbe med.